



Korleis arta livet seg i Uskedalen for nesten 60 år sidan - nærare bestemt i 1952? Det var i alle fall ikkje mange bilar. To hadde drosjer og min bror Olav Møklebust var den første som hadde privatbil, fortel Eva Myklebust på Neset.

Ho har ein levande film som broren tok dette året og som vi viser i eit samarbeid med HusnesNett, Den er eit eineståande historisk dokument som måtte sendast til England for framkalling. Olav var født i 1908 og døde i 1970. Han var sivilingeniør utdanna i Tyskland.

Her er 4 glimt frå filmen, med eit panoramabilete over bygda øverst. Det neste biletet viser drosjen til Bjarne Myklebust. Foran bilen går kona til Olav, Gudrun med den nær 2 år gamle dottera Randi, no busett i USA.

Bilete nummer 2 viser Randi som står ved barnevogna og Lars som sit oppi.

Bilete 3 viser frå venstre Laura Møklebust, Audun Tveit (busett i Ulvik), Per Myklebust, Bård Tveit (Ulvik), Margrethe Tveit (født Møklebust) og Lars (som sit i vogna).



Sjå video: HusnesNett <http://husnesnett.no/no/video/396>

Dei tre siste bileta er frå Brekkesletta der familien budde.

- Eit opptak som gjer inntrykk er kor smal den såkalla Johannabrekko var den gongen samanlikna med no, seier Eva Myklebust.



Av Ola Matti Mathisen

